

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Nyttårsdag / Jesu namnedag – 1. januar 2017

Preiketekst: Luk 2,21

Lesetekst I: 4 Mos 6,22-27

Lesetekst II: Fil 2,5-11

I Jesu namn

Godt nytt år!

Det er ein fin dynamikk i bibeltekstane for nyttårsaftan og nyttårsdagen:

Nyttårsaftan høyrer vi om oppgjer. Om tida som skifter, og dagar som går.

På *nyttårsdagen* får vi budskapet om Jesus. At han vart omskåren på sin åttande dag, slik skikken var. - Og at han fekk namn.

Namngjeving

Mange stader i vår bibel høyrer vi om at born og andre får namn. Nokre gonger nytt namn. Tenk på Abram, som etter kallet om å dra ut, og til det lova landet, fekk nytt namn: Abraham.

Eit namneskifte med meining: Det namnet han hadde, tyder «far er stor».

Og det nye namnet tyder «Min far er den største».

Når Jesus får sitt namn, har det bakgrunn i dei gamle løftene som var gitt om han. Og det namnet seier også noko om hans vesen, status og oppgave, slik vanleg tenking var – og er – i Israel den dag i dag.

Namnet var ikkje bare eit kjenneteikn på eit barn, slik vi i våre dagar har 'kallenavn'. Eg har lese at i Nederland er det vanleg å ha slike kallenamn; der heiter det «roep namen», «ropenamn».

I det jødiske miljø var namnet eit budskap om kven beraren var, eller kva forventningar det var knytta til den som bar det. Det var ei meiningsfull melding om den som bar namnet.

Frelsarnamn

Han som er hovudperson i denne dagens tekst, og i heile det bibelske budskap, han fekk namnet 'Joshua'. Det er eit frelsarnamn: «Herren er frelse».

Og det er viktig og nyttig å verta minna om det, på den fyrste dagen i eit nytt år.

«Å preika er å forkynna namnet» er det sagt.

Det ukjende

Vi står, som vanleg, framfor eit år med mange spørsmål, og vi undrast på korleis våre dagar skal verta. Ikkje sant: Ny president i USA. Ny generalsekretær i FN. Val av nytt storting i vårt eige land. Og tenk på alt det vi ikkje veit, som vi med undring står framfor. Kan hende med angst og uvisse: korleis skal det gå? Med meg og mine, med oss og alle?

Vi strevar med framtidastrua i vår tid. Unge og eldre spør etter meining og 'vits', eldre og mange ber på angst og uro for mange ting.

Og nå står vi altså her, ved terskelen til ukjende dager, til ein ny omgang med tider og hendingar.

At vi torer!

Korleis kan vi våga å gå framtida i møte, når vi hausar opp for kvarandre kor tunge tider og nifse kår som møter oss?

Ikkje kan vi tala lett vint om dette. Heller ikkje på denne fyrste dagen i det nye og ukjende året.

Men eitt svar har vi: I Jesu namn får vi leggja i veg. I samfunn med den krossfeste og oppstytte Jesus Kristus får vi leva, også i dagar som kjem. *Mine tider er i di hand* (Salme 31,16).

Og han møter oss også denne dagen med det gode budskapet, som vi gjer vel i å tenkja over, og ta imot, også i dag: «Eg er Herren, *din Gud*».

Han er i går og i dag den same, til evig tid. Han møter oss i dag og alle dagar med dette stabile, haldbare, flotte: Eg slepper deg ikkje, og forlet deg ikkje.

Under velsigninga

Han lyfter også denne dagen sine hender opp over oss, med si gamle og alltid nye og livgivande velsigning:

Herren velsigne deg, og vare deg! Herren la sitt andlet lysa over deg, og vere deg nådig! Herren lyfte sitt andlet mot deg, og gi deg fred!

Ole Gunnar Sæbø

Pensjonert prest.

o.g.sabo@online.no